

”Med Høgtun til Kina 2010”

- 18.02 – 28.02 (vinterferie)
- Beijing og X'ian
- Ein 11 dagars tur
- Utreise frå Molde eller din næraste flyplass SAS har flygingar
- Reiseleiar: Lidvar Nygjerde

Enn ein gong har vi den glede å invitere til Midtens Rike. Fleire hundre har vore med oss desse ti åra vi har hatt turar dit. Og skal vi tru tilbakemeldingane, så er våre reisande svært godt fornøgde. Forventningane, som var svært store, vart innfridde. Mange har anbefalt turen til andre. Siste åra har gruppa talt om lag 40, pluss, minus.

SABRA TOURS China Travel

Dette er namnet på vår reiseoperatør. Dette er kinaspesialistar! Leiarane, Juliett og Marin Yü, er kinesarar busette i Noreg. Dei har gode kontaktar i Kina og får difor fram det lille ekstra som gjer at vi tykkjer desse turane er gode.

Våre unge guidar

Skal ein tur til utlandet vere vellukka, må vi ha gode guidar både fagleg og sosialt. Sabra har handplukka flinke unge menneske. Dei snakkar nordisk, er kunnskapsrike og svært omsorgsfulle. Vi brukar dei same år etter år. OG får vi det som vi ønskjer, står vår gode ven, Karl, og tek i mot oss på flyplassen. Desse er med oss heile tida. Dei bur på hotellet vårt, dei er med oss til Xian.

Kina, eit spennande land i rivande utvikling.

”Alt som vert sagt om Kina, er sant,” vert det gjerne spøkefullt sagt. Landet, eller rettar: kontinentet, kan by på alt. Det er stort, det er variert, der lever eit hav av menneske! Der er mykje å sjå og oppleve. Det gamle er svært gammalt, og det nye er av det mest moderne som finst i verda. Ja, Kina er eit eventyr. I løpet av godt femti år har landet teke steget frå å vere eit uland til det i viser seg som ei supermakt. Landets økonomi er mellom dei sterkaste i verda. Vestelege økonomar forstår ikkje heilt kva som skjer her. Det dei ser, går på utsida av alle teoriar og økonomiske lover.

Den kinesiske kulturen skulle vore død for lenge sidan, meiner mange historikarar. Men det er ein vitalitet, eller mentalitet som gjer at dei rakskt kjem attende. Ikkje rart at vi ser ofte skulpturar av Fugl Fønix.

Har du vore i Kina for nokre år sidan, vil du mest ikkje kjenne deg att. Kina har fått nytt andlet. Vi ser det godt vi som har vore der årleg dei siste 10-12 åra.

Innføringskurs

Vår tur til Kina er ein s.k. ”kortkurstur”, mange kallar slike opplegg for ”tematurar”. Før utreise – ein laurdag i slutten av januar – møtes vi her på Høgtun til ein kursdag. Vi vil gi ei kort innføring om Kinas historie, kultur og folk. Det vert undervisning om reisemåla, og vi vert kjende med kvarandre. Dette er bra for alt er så overveldande i dette mektige landet. Opplevingar og severdigheter står i kø! Det er godt vi kan vere litt førebudde. Deltakarane vil få utdelt eit kompendium som kan brukast på reisa.

Gruppe

Vi tykkjer det er fint å reise som gruppe. Folkehøgskolens grunntanke og kjenneteikn om fellesskapsbygging tek vi med oss inn i alle turane våre. Det er rett og slett triveleg å reise i lag! Dette har vi sett så mange gonger når vi skal skiljast etter turen. Og mange, mange kjem attende på mimrekvelden her på skolen etter turen.

Utreise frå din næraste flyplass

Fordi vi brukar SAS heilt fram til Kina, får vi til å hente dykk der de bur. Dette gjer turen enklare og billigare. Ofte startar turane på Gardermoen, gjerne med overnatting og då blir turane lett to-tre tusen kroner dyrare med ein gong.

Ut- og heimreisetider

Basistilbodet er frå Molde, så tidene kan vere litt annleis dersom du kjem andre stader frå
Vi har lagt stor vekt på at ein skal reise ut og kome heim i rimeleg tid. Difor dreg vi klokka ti på føremiddag frå
”heimeflyplassen” og er heime att i halvnitida

SK4519, 18. februar: Frå Molde 10.00

SK1469, 18. februar: Frå Gardermoen 13.35

SK995, 18. februar: Frå København 21.05

Heim att.: 28.02 frå Beijing klokka 11.30 lokal tid.

No brukar vi Lufthansa og flyg om Frankfurt til Oslo.

Dersom du har utreise Molde, vil du vere heime 20.30.

”Kinareise”

Dette er eit uttrykk for ”lange reiser”. Det tek ikkje så lang tid å reise til Kina som mange trur. Frå Kastrup til Beijing brukar vi om lag 8 timar. Det er gode fasilitetar på flyet, med god plass i seta, fleire måltid på reisa. Så før ein veit ordet av det, er ein framme.

Prisen: Kr. 17.950

Våre reisande ønskjer høg standard. Difor har vi ikkje spart på noko.

Dette ligg inne i prisen:

- Fire og fem stjerners hotell i Beijing og X’ian
- Tilslutningsbillett
- Så godt som full pensjon – ein middag må ein kjøpe sjølv.
- Og sjølvsgatt opplegget der borte slik det kjem fram i ”frå-dag-til-dag”, med tog og flyreise i Kina – til og frå Xian.

Det som ikkje ligg inne i prisen, er tips til bussjåfør og guidar som dei siste åra har lege samla på Kr. 300,-

Tillegg for einerom: Kr. 2.350,-

Vi er nøydde til å ta atterhald om endringar i pris som følgje av valutakursar, fly- og transporttariffar, og andre skattar og avgifter styresmaktene finn for godt å kome med. Dette er vil ikkje herre over.

SABRA TOURS inviterer til Kina på denne måten:

”Opplev høydepunktene frå Kinas kulturskatter i hovudstaden Beijing og X’ian, byene som ved ulike tidsepoker har vært hovedsteder i Midtens Rike. Beijing fungerer i dag som administrativt og politisk sentrum og kan tilby sine besøkende en variasjon av severdigheter. Vi vandrer tilbake i historien da vi besøker Den kinesiske mur, Den forbudte by, Sommerpalasset og Den himmelske freds plass.

Reisen fortsetter med tog til X’ian der terrakottahæren til keiser Qin Shi Huangdi tilhører en av 1900-tallets aller fremste arkeologiske funn. Retur til Beijing med fly.

Denne reisen gir et meget godt inntrykk av to forskjellige byer med noen av Kinas fremste severdigheter.”

FRÅ DAG TIL DAG

Torsdag 18.02:

Utreisedag. Vi sjekkar inn heilt til Beijing frå den flyplassen du reiser ut frå. Dei som ikkje fer ut frå Molde, skal få tilsendt billetter og gruppevisa. Vi møtes alle på Gardermoen ved eit nærare angitt "møtepunkt"

Fredag 19.02:

På flyplassen vil vi verte motekne av våre smilande guidar. Dei vil gi ei lita orientering i bussen. Første stopp er ein restaurant der vi får oss lunch. Vi får ein kort instruks på bruk av pinnar. Etter dette måltidet, står Himlenestempel på programmet. Det var dit keisarane frå Ming og Qing dynastia kom for å be himmelen om godt ver og år. Her vil vi finne ein rund stein – det er midten i Midtens Rike! Det er passarspissen står! Etter dette dreg vi til hotellet og sjekkar inn. Felles middag om kvelden der vi bur.

Laurdag 20.02:

Ikkje langt frå hotellet ligg Tian'anmen, Den himmelske Freds Plass. Dette er ein plass formann Mao har forma. Han utvida plassen i 1951 og gjorde den til verdas største opne plass. På sørenden av plassen ligg Mao's Mausoleum. Vi held fram mot nord til Den Forbudte By. Ve inngangen til dette enorme bygningskomplekset heng det er stort bilde av Mao. Det var her han proklamerte Folkerepublikken Kina med desse orda: "Det kinesiske folket, en fjerdepart av menneskeheten, har nå reist seg!"

Dette keisarpalasset var bygt tidleg på 1500-talet. Det har 9999 rom og er bygd etter ein streng mytologisk filosofi. Dette meisterverket vart i 1987 sett på UNESCO's liste av verdens kulturarv. Det er eit omfattande restaureringsarbeid her, finansiert av verdssamfunnet..

Så går vil lunch. Vi har så fri til vi går samla til middag om kvelden.

Søndag 21.02:

I dag skal vi først til Sommarpalasset nordvest i Beijing. Her er det ikkje spart noko. Sommarpalassets fantastiske hage, bygd i Qing dynastiets tid for keisarar og keiserinner, set oss attende til det gamle Kina. Ute i den store kunstige innsjøen, ligg ei øy. Det var der dei mest lære samlast ein gong for å finne opp eit middel mot døden. Etter lunch dreg vi til ein Perlefabrikk. Her får vi ei kort innføring i korleis dei dyrka fram perler. Etter på vert det høve til å kjøpe smykke og ansiktskrem som er laga av perler. Her får dreg vi til ein Silkemarknad. Her får vi også sjå korleis silken vert laga. Her kan vi prute og gjere gode kjøp av kle, dyne, ty, vesker og sko – alt i silke!

Om kvelden dreg vi så ut og et middag før vi skal sjå Kinesisk akrobatikk. Ei framsyning som kan ta pusten frå nokon kvar. Det er heilt utruleg kva dei får til.

Måndag 22.02

Denne dagen skal vi Den kinesiske muren. For mange eit av dei store høgdepunkta på turen, eit minne for livet. På vegen dit stoppar vi ved ein Cloisonne fabrikk. Her får vi sjå korleis dei lagar denne kinesiske spesialiteten. Av messing, kopar og emalje lagar dei vakre ting. På eit utsal, som ligg inn til fabrikkjen, kan vi få kjøpt cloisonne vasar, skåler, etc.

Vi ruslar så på muren. Den som ønskjer det, kan gå til eit topp-punkt og der ein kan få kjøpt eit sertifikat – med bilde av seg – som fortel at ein har vore på muren. Dette mektige byggverket, som står sterkt til å verte eit av dei nye underverka i verda, er sjølv symbolet på Kinas 5000-årige sivilisasjon som strekkjer seg meir enn 6000 kilometer frå Kinahavet til grensa mot Tibet.

Før middag stoppar vi på eit stort kjøpesenter der ein kan få kjøpt alt til ein rimeleg pris.

Etter middag tek vi så kveldstoget til X'ian. Dette er gode tog som går veldig fort – 90 mil på ei natt! Sovekupear med fire personar i kvar kupe.

Tysdag 23.02

Vi kjem tidleg til X'ian, sjekkar inn på hotellet og får oss frukost. Vi tek ein god pause før vi tek ut for å gå på Den gamle bymuren som er bygd rundt gamle X'ian. Eit flott byggverk som er 12 meter høg på det høgste og 18 brei. Det som er innanfor denne muren, utgjer byens kjerne og sentrum. Byen har eit stort muslimsk samfunn. Etter som vi forstår er desse muslimane nokså isolerte frå resten av den islamske verda. Difor er det svært interessant å besøke ein moske her og høyre om kinesiske islam. Jade har ei sentral rolle i kinesisk kultur. Difor er vi innoom ein jadefabrikk med butikk, sjølv sagt! Om kvelden skal vi ete ein kinesiske spesialitet: Dumpling. Eit kunstferdig måltid. Etter måltidet får vi tilbod om kinesisk massasje som gjer godt anten ein velger fot- eller heil- kropp-massasje

Onsdag 24.02

Vi vil bruke store deler av dagen til å oppleve den berømte terrakottahæren. Først på syttitalet fann nokre bønder dette veldige romet under jorda. Og er vi heldige, sit ein av desse bøndene og signerer ei bok. Det var Kinas Harald Hårfagre, Qin Shi Huandi som tok til som 13 åring å førebu denne hæra som seinare skulle forsvare grava hans som ligg ikkje langt her frå. Store grupper frå heile verda kjem hit kvart år for å oppleve dette. Vi skal også innom ein fabrikk som har spesialisert seg på å lage store og små kopiar av terrakottahæra. På veg til hotellet gjer vi eit kort stopp ved ein medisinmarknad, naturmedisin sjølvsgt.

Siste kvelden i denne flotte byen vert avslutta med ei fantastisk teater/opera/ballet framsyning frå Tangdynastiet. Fire rettars middag vert servert i same salen. Her er det stil!

Torsdag 25.02

Vi startar dagen med ein tur til Shaanxiprovinsmuseum. Her får vi ei kort innføring i Kinas historie der X'ian har vore hovudstad for 11 keisardynasti. Så går turen til Den store gås pagode som vart bygd for oppbevaring av buddafigurar som var henta frå India. Etter lunch er det transport til flyplassen, Beijing neste!

Om kvelden tek ein ut på eiga hand og kjøper seg middag. Oftast organiserer vi slik at vi også denne kvelden held lag. Kva med ein middag på topprestauranten der vi bur? Han har ei runde rundt så vi får sjå Beijing by night.

Fredag 26.02

Først på dagen er vi innom Hutong bustadområde med sine smale gater og hus frå Ming og Qing dynastiet. Vi tek ei lita rundfart i dette verne området i rickshaw. Lunch får vi hos ei av familiare som bur her. Ettermiddagen er fri, men reiseleiarar og guidar vil gi råd og tips på kva vi kan finne på. Om kvelden er det middag og Kungfu framsyning.

Laurdag 27.02

Fridag. No er vi så kjende at det blir ikkje noko problem å ta seg ut på eiga hand. Guidar vil gi gode råd! Drosjene er billege! Dette brukar alltid å vere spennande dagar.

Om kvelden møtes vi til avskjedsmiddag med Peking and, ein av byens spesialitet. Riktig eit kultmåltid.

Søndag 28.02

Vi tek farvel med landet og folket og våre smilande guidar. Heimreise er enklare enn utreise fordi den går på dagtid. Og fordi vi skal flytte klokka sju timar attende, står tida mest stille på heimreise.

Temperaturen

Det er ikkje godt å seie noko om temperaturen i Kina på denne tida på året fordi den er svært prega av vindretninga. Blæs vinden frå nord, kan det vere bitande kaldt, ja, kuldegrader om morgonen. Men det kan også vere reine sommardagen om vinden kjem sørfrå og sola skin. Vi rår til å ta med godt med kle, gjerne ullundertøy og varme ytterkle.

Olympiastadion

Vi er innom dette mektige anlegget. Mange går inn i "Fuglereiret" og let seg imponere.

Handling

Det er mykje bra varer og få kjøpt i Kina. Vi har funne fram til eit bra varesenter som ligg like inn til ambassadestroket. Her får ein kjøpt billege merkekle. Og ønskjer nokon å få skreddarsydde kle, så er det rikeleg høve til det. På kursdagen før utreise, vil vi vise fram ting som har vore kjøpt der borte.

Gruppevisum

Skal vi kome oss til Kina, må vi ha visum. Dette er grunnen til at vi ber om kopi av passet.

Vaksine

Det er uråd for oss å gi kvalifiserte råd for dette. Gå til fastlegen din og spør kva du skal gjere.

Eurobonus

På ein så pass lang tur får ein mange eurobonuspoeng for dei flyselskapa vi brukar, høyrer til i staralliansen. Dette skal vi snakke om på kursdagen.

Påmelding

Avbestillingsreglar for gruppereiser

Avbestilling ved "force majeure": Dersom det skulle oppstå krigshandlingar, naturkatastrofer, farlege og smittsame sjukdomar siste 14 dagane før avreise, vil deltakarane få att pengane sine.

Avbestilling mor gebyr:

- Dersom avbestillinga skjer inntil 105 dagar før avreise, må ein betale 500 kroner til dekning av administrasjonskostnader
- Skjer avbestillinga 105 – 65 før avreise, må ein betale kr. 2.000,-
- Frå 64 – 35 dagar før avreise, må ein betale 50% av turpris.
- Mindre enn 35 dagar før avreise: Må betale turprisen i si heilheit.

Oftast er det sjukdom som gjer at ein melder seg av, då vil avbestillingsforsikringa dekke dette. Difor er det viktig å ha reiseforsikring når ein bestiller ein tur.

Klipp og send inn

Til Høgtun Folkehøgskole,
6639 Torvikbukt.
(Merk gjerne konvoluttent "Med Høgtun til Kina")

Reisende 1:

Namn iflg pass:

Adresse:

Postnr/poststad:

Epost:

Telefon:

Tilslutningsbillett. Frå:

Reisende 2:

Namn iflg pass:

Adresse:

Postnr/poststad:

Epost:

Telefon:

Tilslutningsbillett. Frå:

Dobbeltrom ____ enkeltrom ____ (sett kryss)